

# Få fart på Sunnfjord!

---

*Innleiing:*

## Få fart på Sunnfjord!

Sunnfjord kommune har eit godt utgangspunkt for å lukkast i framtida. Vi har eit solid næringsliv, gode bu- og oppvekstforhold og mange engasjerte innbyggjarar. Likevel ser vi at den gode utviklinga er i ferd med å stoppe opp. Vi ser at folketalsveksten har stagnert. Vi vert raskt fleire eldre og mange av ungdomane våre flyttar ut. Denne trenden vil Venstre snu. Vi vil få fart på Sunnfjord att!

## Dette er dei viktigaste måla våre:

- Vekst i Sunnfjord

Jobb nummer ein er folketalsvekst. Sunnfjord skal vere vekstmotoren i regionen. Vi må få folk og næringsliv til å etablere seg i heile kommunen. For å lukkast må kommunen bli framtidsretta og betre på å profilere seg. Kommunen må ta rolla som samfunnsutviklar og innimellom tørre å satse. Vi skal vere synlege nasjonalt og få staten til å satse på oss, mellom anna gjennom fleire statlege arbeidsplassar. Vi må ta ein tydeleg posisjon i nye Vestland fylke. Førde må få same status som Bergen har i Hordaland i dag.

- Den beste staden å vekse opp

Å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge er ei av dei viktigaste oppgåvene framover. Vi skal sikre dette for dei som bur her i dag og vere attraktiv for familar som flytte hit. Gode barnehagar og skular, rike fritidstilbod og trygge lokalsamfunn er viktige kvalitetar som Sunnfjord Venstre vil satse på.

- Kultur- og fritidsaktivitetar for alle

Sunnfjord Venstre vil styrke frivillig sektor. Vi vil få endå fleire aktive innan kultur- og organisasjonslivet. Idrett og friluftsliv er viktig for samhald, inkludering, meistring og folkehelse. Vi må sikre kulturtilda innan teater, dans, musikk og kunst. Vi må løfte arbeidet med ivaretaking og formidling av kulturminne. Førde skal verte nynorsk-hovudstaden i Noreg!

- Betre folkehelse og omsorg når du treng det

Sunnfjord kommune skal ha helse- og omsorgstenester med høg kvalitet. Vi vil satse på velferdsteknologi for eit godt og trygt omsorgstilbod. Samstundes må vi sikre at brukarar og pårørande får medverknad og individuell tilpassing. Vi må syte for betre rekruttering til helse- og omsorgsyrket. Vi vil satse på lågterskeltilbod for god folkehelse gjennom heile livet.

- Attraktive bumiljø og tettstadar

Vi må sikre nok tomter og attraktive bumiljø for alle behov i den nye kommunen. Vi må ha bustader og tomter både i bysentrum, tettstadane og grendene. Alle må kunne leige eller kjøpe bustad, uavhengig av alder, økonomi eller livsfase. Vi vil jobbe for eit deltagande demokrati der du som er innbyggjar får engasjere deg og komme til orde.

- Næringsliv i front

Vi må legge til rette slik at næringslivet utviklar seg i forkant av samfunnsendringane. Derfor må vi satse på teknologi, forretningsmodellar og tenester som tek oss inn i framtida. Sunnfjord må ha ein variert og inkluderande arbeidsmarknad, med både offentlege og private arbeidsplassar. Vi må rekruttere fleire med både yrkesfagleg kompetanse og høgare utdanning. Kommunen må bidra til samspel mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar.

- Trygg samferdsle og moderne mobilitet

I Sunnfjord kommune skal du kunne ferdast trygt både som bilist og som gåande eller syklande. Vi vil jobbe aktivt for rassikring og utbetring av vegnettet. Gang- og sykkelvegar må bli samanhengande i heile kommunen. Sunnfjord Venstre vil styrke kollektivtilbodet og bidra til nye løysingar for å redusere transportbehovet ved dagpendling.

- Eit smartare, grønare og tryggare Sunnfjord

Vi må jobbe i lag for ei berekraftig utvikling også for framtidige generasjonar. Sunnfjord kommune skal ha høge ambisjonar for å redusere klimagassutslepp. Vi må ta vare på naturen. Vi må gjere det lettare for innbyggjarane å ta ansvar for miljøet. Lokalsamfunna må tilpassast eit klima i endring. Kommunen må satse på utvikling av miljøløysingar i alle anbod.

*Som politikarar lovar vi å ta modige og ansvarlege grep for å få fart på Sunnfjord. Men vi treng hjelp frå alle dykk for å lukkast. Ved å stemme på Venstre gjev de ei stemme til alle gründarar, lærarar, bønder, omsorgsarbeidarar, frivillege, bedriftsleiarar, offentleg tilsette, studentar, barnehagetilsette, kulturarbeidarar, tømrarar, miljøengasjerte og alle andre som har framtidstru på nye Sunnfjord kommune!*

**Om Venstre:**

Venstre er det ansvarlege, sosiale og liberale partiet som set enkeltmennesket først og tek vare på kvarandre og naturen. Venstre trur på enkeltindividet si kraft, og vil at samfunnet skal ha eit sosialt tryggleiksnett for dei som treng det mest. Venstre meiner at nokre oppgåver i samfunnet er så viktige at dei må løysast av fellesskapen.

Venstre vil satse på skulen, ta vare på naturen og skape arbeidsplassar - fordi vi er på lag med framtida.

## Vekst i Sunnfjord!

*Kommunane i det som skal bli nye Sunnfjord har dei siste åra mista vekstkraft. Vi har hatt lågare folketalsutvikling enn det vi har hatt mål om. Dette er ein trend vi må snu.*

Kjerneoppgåva til ein kommune er å yte gode tenester til innbyggjarane, og vi ser at dei fire kommunane i nye Sunnfjord leverer høg kvalitet. Likevel må det noko meir til for å gjøre regionen attraktiv for vekst og utvikling. Sunnfjord Venstre vil arbeide for at kommunen i tillegg skal vere ein god, løysingsorientert samfunnsutviklar som tør å satse for å skape noko nytt.

Då må kommunen ta ei meir aktiv rolle inn mot bustadbygging, næringsutvikling og stadutvikling enn det ein har gjort til no. Kommunen må i større grad vere ein aktiv medspelar for private aktørar som ynskjer utvikling. Forsking viser at kommunar som lukkast med vekst og utvikling er samhandlande, ambisiøse og gode tilretteleggjarar. Der skal Sunnfjord kommune også vere.

### Sunnfjord Venstre vil:

- Auke ressursane til planarbeid i kommunen.
- Setje av ressursar til ei brei og god profilering av Sunnfjord som den framtidsretta vekstmotoren i regionen mellom Bergen og Ålesund. Vår "merkevare" skal gjøre det attraktivt for folk og næringsliv å etablere seg i heile kommunen.
- Satse på stadutvikling, med levande og attraktive grender. Vi vil ha gode buområde, trygge og samanhengande gang- og sykkelvegar, møtestader for sosial aktivitet og lokale fritids- og kulturtildelser.
- At kommunen skal arbeide saman med næringsliv og andre aktørar i offentleg sektor, for å sikre god rekruttering av arbeidskraft til kommunen, med både yrkesfagleg kompetanse og høgare utdanning.
- Sikre ledig areal og stimulere til auka budstadbygging over heile kommunen. Vi må styrke og utvikle viktige nærliggande funksjonar som skular og barnehagar, nærbutikkar, helse- og omsorgstenester.
- Løfte arbeidet med næringsutvikling i kommunen, ved å vidareutvikle og utvide tenestene, tilboda og arbeidsoppgåvene til Sunnfjord Utvikling.
- Skape god infrastruktur for nyskaping og gründerverksemd, ved å støtte opp under klyngeverksemd og møteplassar som Peak Sunnfjord, Teknologicampus Førde osv.
- Styrke kulturtildelser i Førde, tettstadane og grondene i kommunen, og legge til rette for at folk kan ha ei aktiv og sosial fritid.
- Utvikle Førde som ein attraktiv bygdeby gjennom sosiale møtestader, kulturelle aktivitetar, urbane kvalitetar og naturen tett på.
- At kommunen skal vere ein ambisiøs og framoverlent ja-kommune, som er pådrivar for å tenke nytt og framtidsretta, i tillegg til å vere ein aktiv medspelar overfor dei som ønsker utvikling.
- Bli best i regionen til å inkludere innflyttarar, i jobbsamanheng, på bustadmarknaden, i skulen og barnehagen, i kulturlivet, på idrettsarenaen og i sosiale samanhengar.
- At kommunen særleg skal legge til rette for arbeidsinnvandring, med godt opplæringstilbod og tilrettelagte utdanningsløp for vaksne.
- Kommunen må saman med næringslivet og andre aktuelle aktørar lage ein rekrutteringsstrategi. Denne må spesielt ta føre seg for arbeidsinnvandring og også omhandle inkludering.
- Sunnfjord kommune skal vere synlege nasjonalt, mellom anna for å få fleire statlege arbeidsplassar lagt til kommunen, og ivareta våre interesser i viktige saker.
- Kommunen skal ta tydeleg posisjon i nye Vestland fylke, og vi vil jobbe for at Førde skal oppnå same status som Bergen har i Hordaland i dag.

## Den beste staden å vekse opp

*Å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge er ei av dei viktigaste oppgåvene framover. Sunnfjord kommune skal ha dei beste oppvekstvilkåra i landet.*

Å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge er viktig både for dei som bur her i dag, men også for å vere attraktiv for familiar som vil busetje seg her. Gode barnehagar og skular, eit rikt fritidstilbod og trygge lokalsamfunn er viktige kvalitetar som Sunnfjord Venstre vil satse på. Vi må ha eit godt samarbeid med frivillege lag og organisasjonar, og legge til rette for at desse kan drive på ein god måte.

### Sunnfjord Venstre vil:

- Styrke satsinga på digitale læremiddel i skulen og sikre at elevar og lærarar får den digitale kompetansen dei treng, samt kunnskap om nettnett og kjeldekritikk.
- Innføre prøveordningar for skulemat og jobbe for at kosthald og matlaging skal vere ein viktig del av undervisninga i skulen.
- Ha auka samarbeid mellom skule og næringsliv, mellom anna for å sikre tilbod om koding og entreprenørskap gjennom heile skuleløpet.
- Jobbe for at skulane har ressursar og kompetanse til å gje elevane kunnskap om dei store samfunnsutfordringane, som klimakrisa, miljøøydeleggingar, mobbing, psykisk og fysisk helse, rasisme og utanforskaps.
- Satse på tidleg innsats, både i barnehage og skule, for born som treng ekstra støtte og sikre nok spesialpedagogiske ressursar til dette.
- Legge betre til rette for leik og sjølvstyrт aktivitet i skulen, og ha gode og tilstrekkelege leike- og aktivitetsareal på skulane.
- Ha fysisk aktivitet ein time for dagen, integrert i undervisninga i skulen
- Legge til rette for auka bruk av naturen og uteområde i pedagogisk samanheng i barnehage og skule.
- Styrke skulehelsetenesta og ha skulepsykolog.
- Legge til rette for at Sunnfjord-skulane har dei beste lærarane ved å satse på vidareutdanning og auka kompetanse.
- Jobbe for ein solid skulestruktur med små reiseavstandar mellom heim og skule.
- Sikre eit breitt barnehagetilbod med god bemanning. Få inn fleire fagarbeidarar som assistenter og ha høg pedagogtettleik.
- At utvikling av sosial kompetanse og læring gjennom leik er det viktigaste i barnehagekvardagen.
- Legge til rette slik at barnehagane og skulane får tilgang på personale med ulik fagkompetanse, utan at ein skal tape løn.
- Jobbe for at barnehage- og skulebygga er moderne, tidstilpassa og godt vedlikehaldne.
- Styrke tilboda på SFO, m.a. gjennom større samarbeid med kulturskule og frivillige lag og organisasjonar.
- Sikre gode oppvekstvilkår til barn i familiar med låg inntekt, gjennom til dømes gratis kollektivtransport, fritidskort, støttekontakt-ordning og leksehjelp.
- Styrke Homestart ordninga, for å støtte småbarnsfamiliar gjennom barseltida.
- Jobbe for tilpassa og effektiv opplæring i norsk og andre fag på norsksentra.
- Styrke ungdomsrådet si rolle i kommunen og born og unge sin medverknad.
- Styrke Førde som skuleby ved å støtte opp om dei vidaregåande skulane, fagskulen, høgskulen og særleg etableringa av nye Førde vidaregåande skule på Indre Øyrane.
- Vere ein god vertskommune for skular, studentar og hybelbuarar.
- Jobbe for solide og attraktive fagtilbod ved Høgskulen på Vestlandet Campus Førde.

## Kultur og fritidsaktivitetar for alle

*Sunnfjord kommune skal verte nynorsk hovudstaden i Noreg, med allsidige og spennande kulturtilbod og fritidsaktivitetar for alle.*

Sunnfjord Venstre vil jobbe for å styrke frivillig sektor og få endå fleire aktive innanfor kultur- og organisasjonslivet. Idrett og friluftsliv er viktig for samhald, inkludering, meistring og folkehelse. Vi må sikre kulturtilboda innan teater, dans, musikk og kunst. Vi må løfte arbeidet med ivaretaking og formidling av kulturminne.

### **Sunnfjord Venstre vil:**

- Innføre fritidskort som gir alle born og ungdomar tilbod om minst éin fritidsaktivitet.
- Legge til rette for utlån av utstyr til fritidsaktivitetar ved å innføre BUA i alle tettstadane i kommunen.
- Legge særleg til rette for at born og vaksne frå familiar med låg inntekt skal verte inkluderte i kultur- og fritidstilbodet.
- Legge til rette for gode anlegg for idretts- og kulturaktivitetar.
- Jobbe for fri halleige for idretten.
- Få fleire aktive ute i friluft gjennom turstiar, naturmøteplassar og friluftsanlegg.
- Legge til rette for leik og uorganisert aktivitet gjennom t.d. ballbingar, klatrestativ og hinderløyper.
- Legge til rette for at frivillig sektor får ressursar og støtte i arbeidet med inkludering og førebygging av utanforskap.
- Lage ein plattform for frivillig sektor som er med å styrke frivilligheita sin status, samt økonomisk og organisatorisk.
- Styrke Frivilligsentralane for å kunne støtte opp om dei frivillige organisasjonane og betre samspelet mellom frivillig, privat og offentleg sektor.
- Jobbe for at Førdehuset får eit nytt og moderne badeland, betre bibliotek, fellesareal og kulturarenaer.
- Jobbe for at biblioteka får styrka rolla som arena for læring, debatt, kulturopplevingar og inkludering, og for tett samarbeid mellom skulebiblioteka og folkebiblioteka.
- Starte ei prøveordning med søndagsope bibliotek i Førde.
- Styrke kulturskuletilbodet og tilbodet innan dans, teater, film, musikk og visuell kunst.
- Arbeide for at Nynorskens hus blir ein realitet og for at Førde blir nynorsk hovudstaden.
- Jobbe for auka næringsutvikling knytt til kunst og kultur.
- Styrke lokalsamfunna og attraktiviteten til Sunnfjord kommune gjennom Førdefestivalen og andre festivalar og kulturopplevingar.

## Betre folkehelse og omsorg når du treng det

*Vi skal gje god omsorg til dei som treng det - når dei treng det. Vi skal gje rett hjelp til rett tid, og styrke folkehelse og meistring.*

God folkehelse gir oss moglegheiter og fremjar meistring. I dag er det store forskjellar mellom dei fire kommunane i vurdering av behov for omsorg og tildeling av helse- og omsorgstenester. Innhaldet i tenestene og måten ting blir gjort på er svært ulik. Det er i tillegg store forskjellar i kor langt kommunane er komne i bruk av velferdsteknologi og brukarmedverknad.

Det er for lite rom for individuell tilpasning etter eigne ønskje og behov på omsorgssentra. I tillegg blir vi raskt fleire eldre og færre til å jobbe i omsorg. Framtidas eldre blir også meir og meir ulike.

### Sunnfjord Venstre vil:

- Tilby innbyggjarane like tilbod på brukartilpassa tenester av høg kvalitet uavhengig av kvar ein bur i kommunen.
- Tilpasse tilbodet utifrå ønske og behov. Alle institusjonar skal ha godt utbygd nett, og det må vere høve til eit sosialt liv. Eldre og andre vaksne i institusjon må få høve til privatliv.
- Styrke satsinga på god og trygg heimebasert omsorg og omsorgsbustader
- Nutte velferdsteknologi for enklare kvardagar, betre velferd og større handlefridom.
- Styrke kompetansen på bruk av velferdsteknologi. Vi treng regelverk, rutinar og praksis som tek omsyn til den enkelte.
- Opprette brukarutval ved alders- og omsorgsinstitusjonane.
- Samarbeide tett med frivillige lag og organisasjonar i omsorg og helse. Legge betre til rette for at frivillige får ei større omsorgsrolle inn mot både barn, unge og eldre.
- Styrke ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA).
- Sikre universell utforming, slik at alle kan ha aktive liv og få tilgang til arbeidsliv og fritidsaktivitetar.
- Styrke dagtilbod til demente både for heimebuande og i institusjonar.
- Bruke private ordningar til avlasting som t.d. Inn på tunet/Grøn omsorg.
- Styrke folkehelsa gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet og gode psykososiale tiltak.
- Kommunen skal ha gode, desentraliserte helsetilbod og gode helsejukepleiarstener i skulane og ved helsestasjonane.
- Ha eit godt tilbod innan psykisk helse og rus, samt fleire lågterskeltilbod.
- Sikre lågterskel psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper.
- Jobbe for at det blir laga ein lokal plan for krigsveteranar.
- Satse på frisklivstilbod med rådgjeving og treningsstilbod for utsette grupper.
- Styrke tilbodet ved Førde ressurssenter.
- Styrke Helse Førde og Sentralsjukehuset som regional helseinstitusjon, og sikre spesialisthelsetenestene ved sentralsjukehuset.

## Attraktive bumiljø og tettstader

*Sunnfjord kommune skal skape folkevekst gjennom ledige tomter og attraktive bustader i heile kommunen tilpassa livsfasen og behova dine.*

Sunnfjord kommune har både spreidd og tett busetnad - og det skal vi halde fram med. I ein tett integrert bustad- og arbeidsmarknadsregion er det mogleg å bu både midt i det urbane sentrum, i tettstaden eller i grondene. Både i tettstadene, grondene og i byen melder mange om at det er for få eller ingen ledige tomter. Dette må bli ei sentral oppgåve å løyse i den nye kommunen. Vi har folk i kommunen vår i alle slags livssituasjonar, og det må vere mogleg å både leige eller kjøpe bustad tilpassa alder, økonomi og livsfase.

### **Sunnfjord Venstre vil:**

- Tilby fleire ledige tomtar i grondene, tettstadene og i byen. Ein samla arealplan for kommunen må komme på plass snøgt.
- Styrke Førde Tomteselskap / Sunnfjord Tomteselskap som verktøy for å skaffe fram tomteareale i heile kommunen og skape bustadvekst.
- Ved etablering av nye bustadfelt skal ein jobbe for 15-minuttssamfunnet, med maks 15 minutt avstand mellom heim og skule / barnehage
- Sørgje for god infrastruktur gjennom kollektivtilbod, gang- og sykkelvegar mellom heimane, skulane og barnehagane.
- Fortette sentra i tettstadene og i Førde sentrum, og søke å unngå utbygging på dyrka areal. Fortetting vil gje tilgang til butikkar og offentlege tenester innanfor kort avstand.
- Legge til rette for moderne buformer og gode bustadmiljø, med høve til treffpunkt og fellesfunksjonar.
- Jobbe for at det blir bygd små høghus både i byen og i dei mindre tettstadene.
- Styrke Førde sentrum sine urbane kvalitetetar ved å legge til rette for fleire bustader spesielt for studentar, barnefamiliar og eldre, og ved å fokusere på sosiale møtestader og opplevingar, arkitektur, grøntareale og trivsel.
- Legge til rette for samarbeid mellom private utbyggjarar og kommunen, samt nytte Husbanken og andre offentlege støtteordningar for å kunne tilby bustader til folk med ulike behov.
- Legge til rette for gjenbruk av eldre bygningar i staden for å bygge nytt. Eldre bygningar er bygd i gode og miljøvenleg kvalitetsmateriale som med kunnskapsbasert vedlikehald kan stå seg i fleire hundreår til.
- Auka kunnskap om eldre bygningsteknikkar, materialbruk og korleis ein tar vare på eldre bygningar er god miljøpolitikk.
- Stille krav til utbyggjarar om å byggje miljøvenleg med tanke på energi, areal og transport.

## Næringsliv i front

*Sunnfjord kommune skal legge til rette for at næringslivet kan utvikle seg i forkant av samfunnssendringane. Vi skal ha ein rik og variert arbeidsmarknad med rom for alle.*

Sunnfjord kommune har eit næringsliv som går godt og ein velfungerande arbeidsmarknad. Sunnfjord kommune skal ha tett dialog med næringslivet og arbeide for å finne løysingar som fremjar næringsutvikling i kommunen. Sunnfjord kommune skal ha ein variert arbeidsmarknad med ein god miks av private og offentlege arbeidsplassar, og arbeidsplassar som krev ulik kompetanse.

### **Sunnfjord Venstre vil:**

- Styrke Sunnfjord Utvikling som kommunen sitt næringsselskap.
- Gjere det enklare å starte eiga bedrift, legge til rette for fjernarbeidsplassar og lage ein communal gründerstrategi.
- Bygge ut digital infrastruktur i heile kommunen og jobbe for utbygging av 5G-mobilnett med høg dekningsgrad.
- Legge til rette for møteplassar og mentorordningar for gründerar.
- Legge til rette for meir entreprenørskap i skulen.
- Stimulere til innovasjon og gründerskap i eigne kommunale verksemder.
- Bruke kommunen si innkjøpsmakt til å ettersørre innovative og grøne løysingar, og til å gje lokalt næringsliv moglegheit til å konkurrerer om kontraktar.
- Legge til rette slik at næringslivet i Sunnfjord blir i front i det grøne skiftet gjennom nullutsleppsteknologi, resirkulering, sirkulærøkonomi og ved å ta sosialt og miljømessig ansvar.
- Arbeide for etablering av fleire statlege arbeidsplassar i Sunnfjord.
- Etablere mål for fleire nye verksemder og nye arbeidsplassar.
- Inngå samarbeid med utdanningsinstitusjonar i regionen.
- Etablere møteplassar og organ for samarbeid med alle delar av næringslivet.
- Legge til rette for at store nye og eksisterande bedrifter etablerer seg i klynger t.d. på industriområdet Fossheim på Skei, Moskog og i Gaular næringspark.
- Legge til rette for næringsareal med tilgang til sjø.
- Legge til rette for auka reiseliv ved å fronte natur og kulturopplevelingar, og jobbe for nye satsingar.
- Jobbe for at Sunnfjord blir sertifisert som eit berekraftig reisemål.
- Sunnfjord kommune blir den største landbrukskommunen i nye Vestland fylke. Vi må legge til rette for vekst og utvikling innan landbruket og jobbe mot nedbygging av jordbruksareal.
- Satse på auka næringsaktivitet knytt til skogbruk og vidareforedling av skog.
- Kommunen skal invitere dei største offentlege og private arbeidsgjevarane i Sunnfjord til dugnad for å redusere utslepp frå eiga verksemd, med hovudfokus på energibruk i bygg, transportløysingar, reiseverksemd og matsvinn.
- Legge til rette for næringsaktørar som vil utvikle nye løysingar innanfor klimatilpassing, til dømes rassikring, beredskap, førebygging og opprydding, samt bygge opp under eksisterande relevante fagmiljø, til dømes NVE og Fylkesmannen.
- Kommunen skal støtte opp om etableringa av eit teknologi- og innovasjonssenter og campus for HVL, Fagskulen og Mo og Øyrane vgs. på Hellenes sitt verftsområdet i Førde, med labfunksjonar innanfor fornybar energi og ressurs- og sirkulærøkonomi.
- Bygge opp eit leiande miljø på Vestlandet innanfor fornybar og sirkulærøkonomi innan energi, transport og IT.

## Trygg samferdsle og moderne mobilitet

*I Sunnfjord kommune skal du kunne ferdast trygt som bilist eller som gående eller syklande. Vi skal styrke kollektivtilboda og legge til rette for å nå nullutsleppsmåla innan transport.*

Sunnfjord kommune må jobbe vidare for trygge bil, gang- og sykkelvegar i heile kommunen. Vi må legge til rette gjennom transportsektoren slik at vi blir ein klimavenleg kommune gjennom elektrifisering og satsing på nullutsleppskøyretøy. Kollektivtilboda i regionen er langt frå gode nok, og vi må jobbe for å utvide tilboda og samtidig finne nye løysingar som erstattar behovet for eigen bil.

### Sunnfjord Venstre vil:

- Arbeide for rassikring av RV 5 mellom Florø og Førde, FV 609 mellom Askvoll og Førde og halde fram arbeidet med å sikre midlar til strekningar som vert rekna som utsette, til dømes FV 610 ved Matbjøra og FV 57 mellom Osen bru og Bygstad.
- Arbeide for at utbetring av FV 57 mellom Storehaug og Dale kjem raskt i gang.
- Jobbe for gul midstripe på E39 mellom Lunde og Myrmel og frå Langeland til Vassenden, og for at E39 skal leggast utanom Førde sentrum.
- Utgreie ei parkeringsordning i Førde sentrum og jobbe for at fleire kan parkere under bakken og i parkeringshus.
- Sikre flytilboda ved Førde lufthamn og jobbe for at Førde Lufthamn Bringeland skal verte pilotprosjekt for elektriske passasjerfly med etablerte flygingar innan 2025.
- Jobbe for redusert transportbehov og auke av andelen som nyttar kollektiv, sykkel eller gange.
- Etablere minst 45 hurtigladepunkt for elbil i Førde, 12 i kvar av tettstadane Skei, Vassenden og Sande (langs E39) og 5 i kvar av tettstadane Bygstad og Naustdal innan 2025.
- Sikre god dekning for semi-hurtiglading av elbilar ved sentrale punkt i Førde sentrum og i tettstadane, til dømes ved kjøpesenter, hotell og kontorbygg.
- Legge til rette for etablering av lademoglegheiter i burettslag og sameige, og vurdere ei støtteordning som kan bidra til å dekke delar av kostnadane.
- Setje inn tiltak for at bilbruk frå nærtrafikk og interntrafikk i Førde sentrum skal verte redusert med minst 30% innan 2030, og erstatta av kollektiv, sykkel og gange.
- Samarbeide med fylkeskommunen om utbygging av eit nettverk av mindre elektriske bussar med hyppige avgangar, innan 2025.
- Etablere gang- og sykkelvegar i, rundt og mellom tettstadane Skei, Vassenden, Sande, Bygstad og Naustdal.
- Legge til rette for ein bildelering i Sunnfjord, og støtte opp under tiltak for samkøyring.
- Etablere bysykkelordning i Førde i løpet av 2020.
- Støtte opp om aktørar som vil utvikle, finansiere og bygge ut digitale løysingar for redusert transportbehov, infrastruktur for nullutslepp, autonom transport med vidare.
- Kommunen skal i eigne innkjøp og i samarbeid med næringslivet jobbe for at minst 20% av tungtransporten skal gå på fornybart drivstoff innan 2025, og at all tungtransport og anleggsdrift skal kunne gå på fornybart drivstoff innan 2030.
- Det skal etablerast ein energistasjon for hurtiglading og tanking av hydrogen og biogass til større køyretøy ved industriområdet på Moskog. Stasjonen skal også vere tilgjengeleg for mindre køyretøy og privatbilar.
- Kommunen skal jobbe for hyppige avgangar med buss mellom Førde og Bergen, samt eit godt kollektivtilbod i ein større region med Kinn, HAFS og Sunnfjord som bu- og arbeidsmarknad.

## Eit smartare, grønare og tryggare Sunnfjord

*Sunnfjord kommune skal ha høge ambisjonar for klimaomstilling, med effektive tiltak som gjer samfunnet smartare, meir miljøvenleg og tilpassa eit endra klima.*

Lokal klimapolitikk må vere tilpassa lokale forhold, samstundes som den tek utfordringane på alvor. Tiltaka må engasjere, aktivisere og involvere innbyggjarane. Det må bli lettare for alle å ta klimavenlege val i kvardagen, og vi må legge til rette for at næringslivet grip muleheitene i det grøne skiftet og utviklar nye løysingar.

Sunnfjord kommune har allereie på plass ein plan for klimaomstilling. Ambisjonen må vere å kutte minst 80% av klimagassutsleppa innan 2030, slik fleire norske regionar og byar har vedteke. I tillegg må kommunen også setje inn ressursar på å verne om miljø og naturmangfold, sikre god beredskap og tilpasse infrastrukturen til klimaendringar. Då kan vi ikkje halde fram som vanleg - vi må mobilisere skaparkraft og vilje til handling for å gjere Sunnfjord til ein føregangskommune på klima- og miljørarbeid.

### **Sunnfjord Venstre vil:**

#### Politisk nivå

- Ta initiativet til eit “tverrpolitisk klimaforlik” der alle partia vert einige om ambisjonsnivå og forpliktar seg til ei felles plattform i arbeidet med klima og miljø.
- At reiser knytt til det politiske arbeidet skal haldast på eit minimum, og det skal leggast til rette for samkøyring eller bruk av kollektivtransport.
- At klimakunnskap skal vere ein obligatorisk del av politikaroplæringa, og alle folkevalde skal delta i cCHALLENGE, eit verktøy for å inspirere og aktivere folk til å vere med i klimaomstillinga.

#### Kommunal verksemd

- At kommunen skal følge dei høgaste miljøstandardane i eiga verksemd, og krevje det same frå sine samarbeidspartar og leverandørar.
- Utarbeide ein årleg klimarekneskap for kommunen.
- At reiser knytt til kommunal verksemd skal haldast på eit minimum, og det skal leggast til rette for videomøter, samkøyring og bruk av kollektivtransport
- At alle kommunale institusjonar skal tilby kjøtfri dag minst to dagar i veka, jobbe for å motverke matsvinn, og nytte seg av økologiske og kortreiste råvarer.
- At kommunen skal stimulere til utvikling av nye miljøvenlege løysingar gjennom innovasjonskontrakter, og vekte miljø høgt i vanlege innkjøpsprosessar.
- Følge KLP sine retningslinjer og ikkje ha investeringar i utsleppsintensive selskap, eller selskap som på andre måtar er skadeleg for miljøet.
- Redusert energibruk i bygg, miljøvenlege byggemateriale og eigenproduksjon av energi skal prioriterast høgt. Hente deler av finansieringa frå offentlege støtteordningar som Enova, Klimasats og forskingsmidlar
- Prioritere at kommunale bygg skal verte så energieffektive som mogleg. Vi skal redusere den samla energibruken med minst 20% frå dagens nivå innan 2025 og 40% innan 2030.
- Jobbe for at all energi til drift av kommunale bygg skal vere basert på opphavsgaranterte fornybare og helst lokale kjelder, som til dømes fjordvarme, sol- eller bioenergi.
- At kommunale bygg skal vere klimanøytrale innan 2030, og produsere minst 50% av eige energibehov sjølv, og restbehov skal vere opphavsgarantert fornybar energi.
- At alle kommunale nybygg skal byggast i materiale med lågast mogeg miljøbelasting gjennom heile livsløpet.
- Jobbe for at kommunale bygge- og anleggslassar skal vere utsleppsfrie innan 2025.

- At alle kommunale tenestebilar skal vere utsleppsfrie i løpet av ein fireårsperiode.

#### Næringsliv, FoU og høgare utdanning

- Opprette eit eige "såkornfond" for grøne innovasjonsprosjekt i næringslivet, landbruket og skogbruket.
- At kommunen skal delta i relevante FoU-prosjekt som bidreg til auka kunnskap og kompetanse knytt til klimaomstilling og grøn konkurranseskraft i næringslivet.
- Samarbeide med andre kommunar i regionen og næringsaktørar for ei berekraftig utnytting av mineralressursar, gjennom ein eigen strategi og konkrete tiltak innanfor næringsutvikling, forsking og utvikling knytt til framtidas mineralutnytting, miljøvern og medverknad frå lokalsamfunn.
- Lage ein eigen "alternativ handelsstrategi" for å gjere seg attraktiv for etablering av gjenbruksbutikkar, skomakarverksemrd, nærbutikkar i tettstadane, renseri, systover, Zero Waste- butikkar og andre tiltak som kan bidra til eit redusert og meir berekraftig forbruk blant innbyggjarane.
- Stille til disposisjon eit større areal i Førde, og samarbeide med utbyggjarar som ønsker å etablere ein innandørs mathall eller utandørs marknad for omsetning av lokalmat direkte mellom produsent og forbrukar.
- At Sunnfjord skal markere seg som den landbrukskommunen med høgaste ambisjonar for klimaomstilling, og støtte opp under bønder som vil ta i bruk ny teknologi og maskiner for å gjere drifta meir miljøvenleg.
- Jobbe for gode ordningar for sortering, innsamling og utnytting av plast og organisk avfall frå landbruket og skogbruket, saman med aktørane sjølve og SUM
- Legge til rette for effektiv logistikk og næringsareal som gjev lønsam utnytting av hogstmoden skog. Støtte opp under aktørar som tek i bruk ny teknologi og maskiner for å gjere skogsdrifta meir miljøvenleg.

#### Privat forbruk og avfallshandtering

- Hjelpe innbyggjarane med å forbruke mindre og gjenbruke meir, ved å støtte opp rundt reparasjonsverkstadar og bytemarknadar.
- Jobbe for å auke graden av materialgjenvinning frå rest- papir- og plastavfall og gjere forsøk med lokal energigjenvinning frå organisk avfall, til dømes ved etablering av biogassproduksjon.
- Opprette ei støtteordning for heimekompostering, og etablere tilbod om henting av våtorganisk avfall frå husstandane.
- At alle SUM sine renovasjonsbilar, og mest muleg av anleggsmaskinene, skal gå på fornybart drivstoff innan 2025.
- Opprette ei støtteordning der frivilige organisasjonar kan søke om midlar til gjennomføring av tiltak som bidreg til at innbyggjarane tek klimavenlege val.
- Opprettast ei støtteordning der barnehagar og skular kan søke om midlar til gjennomføring av tiltak som fremjar kunnskap og engasjement knytt til klimaomstilling.

#### Miljøvern og naturmangfold

- Ha ein strategi for eit berekraftig skogbruk, med balanse mellom avskoging og nyplanting av skog som naturleg høyrer heime i området.
- At kommunen som utgangspunkt ikkje skal bidra til å bygge ned matjord, men i unntakstilfelle syte for at det vert dyrka opp og erstatta med tilsvarande areal av god kvalitet. Kommunen skal støtte opp under aktørar som vil forbetre og vidareutvikle eksisterande matjord, særleg tiltak som kan bidra til betre karbonbinding.
- Jobbe for å redusere utslepp av miljøgifter og førekommst av miljøgifter på land og sjø. Det skal førast ei restriktiv linje for nye utsleppsløyve.
- Halde fram med å jobbe mot deponi av gruveavfall i Førdefjorden. Kommunen skal følge ei eventuell mineralutvinning nøyne, nytte handlingsrommet sitt til å stille strenge

miljøkrav og drive aktivt påverknadsarbeid inn mot ansvarlege statlege organ og næringsaktørar for å ta vare på regionen sine miljøinteresser.

- Støtte opp under ordningar og prosjekt som forvaltar laksefjordar og laksevassdrag på ein berekraftig måte.
- Legge til rette for eit berekraftig friluftsliv, som ikkje øydelegg naturmangfaldet, med merking av turstiar, gode ordningar for å kvitte seg med avfall og opparbeida rastepllassar.
- At all transport- og arealplanlegging samt anna tettstadutvikling skal prioritere naturmangfald og verneinteresser høgt.
- Jobbe for å sikre naturmangfald og verneinteresser, samt at så mykje som muleg av verdiskapinga knytt til prosjektet skjer lokalt ved utbygging av fornybar energi.

#### Klimatilpassing

- Utarbeide ein klimaprofil for kommunen, som skal vere styrande for tiltak retta mot førebygging og sikring.
- At kommunen skal ha ei oppdatert Risiko og Sårbarheits-analyse, som skal vere styrande i areal- og plansaker.
- Ha jamlege beredskapsøvingar og oppdaterte beredskapsplanar som vert kommunisert til innbyggjarane på ein forståeleg måte.
- Jobbe for at våre sikringstiltak kjem høgt på prioriteringslista til NVE.
- Ha ein skjøtselsplan for skog som kan fungere som vern mot flaum, ras, skred og overvatn for bygningar og infrastruktur.
- Ha ein tiltaksplan for å tilpasse kommunale vegar, infrastruktur, bygg og gards/skogsvegar til klimaendringar og tøffare vær.
- Ha ein tiltaks- og vedlikehaldsplan for å førebygge overvatn, tette avlaup, samt flaumutsette bekkar og vassdrag.